

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 08.02.2006 **Tid:** 14.00 – 18.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 5, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Marion Langhelle Pedersen

Janne Drevsjø

I staden møtte:

Ingen

Ingen

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar, leiar av teknisk eining og administrasjonssjefen

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10. februar 2006

Idar Reistad

leiar

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes vedteke.

Olaug Øystese ga uttrykk for at ho syntes det var mange saker på lista, og at ho ønskte å ha oftare møte. Ordføraren sa at ho ville ta dette med seg til drøfting i kommunestyret som ein del av gjennomgangen av organisasjonen. (Jmf. Kommuneplan).

Sture Tveit ønskte at det vart gjennomført synfaring i samband med handsaming av sak 1, noko utvalet slutta seg til.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vert samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit viste til at han har fått fleire klagar på parkeringa ved parkeringsplassen ved kommunehuset. Han etterlyste handling.

Adm.sjefen beklaga tilhøva på parkeringsplassen. Skiltinga på plassen vert ikkje respektert korkje av tilsette eller bebuarane i området ved plassen.

Av ulike grunnar er det ikkje føreteke endring av skiltinga av plassen slik det er fatta politisk vedtak om. Teknisk eining er bedt om å utarbeida eit nytt framlegg til bruk av plassen. Dette vert lagt fram for naturutvalet med det første.

Øyvind Røen har fått informasjon om eit vegmøte i kommunen neste onsdag. Han ønskte informasjon om dette møtet.

Ordføraren orienterte om at ho i går fekk førespurnad frå fylkeskommunen v. Vestrheim om kommunen kunne ta i mot samferdselskomitèen i fylket neste veke, noko som ein har takka ja til. Dei ønskte å halda det ordinære møtet sitt i Samnanger samt å treffa representantar frå Fusa og Samnanger kommune. Bakgrunnen for førespurnaden var at ordføraren i dei to kommunane saman med vegnemndene sist haust sende ein førespurnad til fylkeskommunen med ønske om å få ein dialog med samferdselskomitèen på fylket.

Vegnemndene i dei to kommunane saman med ordførarane og personar frå administrasjonen, er innbydde til å ta del. Øyvind Røen som leiar av arbeidsgruppa infrastruktur i kommuneplanen vert og bedt inn til møtet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Statusrapport frå interkommunalt landbrukskontor for brukte tilskotsmidlar, SMIL og NMSK for 2005.

Det vart orientert om sak knytt til Kvammapakken og Kvamskogstunnelen. Denne vert handsama av personal- og økonomiutvalet førstkamande måndag, og saka vil deretter gå til kommunestyret 23.03.2006.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/06	04/00396 REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM.
0002/06	06/00003 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL SÆTER GNR.21 BNR.1 VED FITJAVATNET
0003/06	00/00105 KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - AREALDELEN ROS- ANALYSE
0004/06	05/00470 REGULERINGSPLAN FOR EIKEDALEN PÅ KVAMSKOGEN, KVAM HERAD. - HØYRINGSUTTALE
0005/06	05/00169 DELINGSSAK GNR 24, BNR 1. KLAGE
0006/06	05/00176 DISPENSASJON FRÅ STRANDLOVA.
0007/06	05/00469 DELINGSSAK GNR 44, BNR 7, 51.
0008/06	06/00045 SØKNAD OM KONSESJON GNR 34 BNR 223
0009/06	06/00051 OMREGULERING AV DELER AV GNR.24, BNR.2 TILOFFENTLEG BYGNING
0010/06	05/00435 MOTORFERDSEL I UTMARK - SØKNAD OM LEIGEKJØRING MED SNØSCOOTER FRÅ PEDERSEN HYTTESERVICE
0011/06	05/00181 UTNYTTING AV GNR. 26 BNR 27 OG 31, HAGAMULEN

0001/06

REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM.

Handsaming i møte:

Leiaren orienterte om dei alternativa som peiker seg ut som aktuelle.

Utvalet tok synfaring på Bjørkheim.

Naturutvalet ber om at det vert teikna ut eit framlegg til reguleringsplan med utgangspunkt i framlegg dagsett 15.02.05. Det vert gjort fylgjande endringar:

FP1 felles parkering vert omgjort til areal til forretning/kontor.

Arealet F/K/B1 vert utvida til å omfatta FP2 og kjøreveg i nordaust og sørvest. Byggjegrænse mot riksvegen må markerast.

Felles veg vert lagt inn på planen i grensa mellom dei to eigedomane.

Når dette er gjort, vert planen lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedtak:

Naturutvalet ber om at det vert teikna ut eit framlegg til reguleringsplan med utgangspunkt i framlegg dagsett 15.02.05. Det vert gjort fylgjande endringar:

- FP1 felles parkering vert omgjort til areal til forretning/kontor.
- Arealet F/K/B1 vert utvida til å omfatta FP2 og kjøreveg i nordaust og sørvest. Byggjegrænse mot riksvegen må markerast.
- Felles veg vert lagt inn på planen i grensa mellom dei to eigedomane.

Når dette er gjort, vert planen lagt ut til offentleg ettersyn.

0002/06

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL SÆTER GNR.21 BNR.1 VED FITJAVATNET

Framlegg til vedtak::

Med heimel i Plan og bygningslova §§93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til sæter til gnr.21 bnr.1

Med heimel i føresegner til LNF område i kommuneplanen, vert det ikkje gjeve løyve til å nytta sætra i samband med salg av ”bestillingsdyr”. Slik bruk vert definert som utleigehytte.

Løyvet for tilbygget er gjeve i samsvar med tegning dgs.09.12.04.

Det skal nyttast biologisk toalett som avløpsløyving.

Det er ikkje lov å leggja inn vatn i sætra.

Då sætra delvis ligg på gnr.24 må Gjerde grunneigarlag skriftleg godkjenna bygginga. Slik godkjenning skal vera sendt teknisk eining før bygginga startar

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Naturutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova §§93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for tilbygg til sæter til gnr.21 bnr.1

Med heimel i føresegner til LNF område i kommuneplanen, vert det ikkje gjeve løyve til å nytta sætra i samband med salg av "bestillingsdyr". Slik bruk vert definert som utleigehytte. Løyvet for tilbygget er gjeve i samsvar med tegning dgs.09.12.04.

Det skal nyttast biologisk toalett som avløpsløyving.

Det er ikkje lov å leggja inn vatn i sætra.

Då sætra delvis ligg på gnr.24 må Gjerde grunneigarlag skriftleg godkjenna bygginga. Slik godkjenning skal vera sendt teknisk eining før bygginga startar

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0003/06

KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - AREALDELEN ROS-ANALYSE

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune har gjennomført ROS-analyse for nye areal i kommuneplanen slik fylkesmannen har kravd. Analysen med konklusjonar som er presentert i notat frå administrasjonssjefen dagsett 17.01.2006 med vedlegg vert del av arealplanen for kommunen. Motsegn frå fylkesmannen knytt til parkeringsplass ved grendahuset er teke inn ved at det her er stilt krav om reguleringsplan.

Det vert stilt krav om utbyggingsplan for byggjeområde i Hagamulen.

Handsaming i møte:

Naturutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Øyvind Røen peika på at ein del av namna i notatet vart feil i høve til gjeldande normal. Administrasjonen vil retta dette opp.

Vedtak:

Samnanger kommune har gjennomført ROS-analyse for nye areal i kommuneplanen slik fylkesmannen har kravd. Analysen med konklusjonar som er presentert i notat frå administrasjonssjefen dagsett 17.01.2006 med vedlegg vert del av arealplanen for kommunen. Motsegn frå fylkesmannen knytt til parkeringsplass ved grendahuset er teke inn ved at det her er stilt krav om reguleringsplan.

Det vert stilt krav om utbyggingsplan for byggjeområde i Hagamulen.

0004/06

REGULERINGSPLAN FOR EIKEDALEN PÅ KVAMSKOGEN, KVAM HERAD. - HØYRINGSUTTALE

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune har følgjande merknader til Reguleringsplan for Eikedalen på Kvamskogen, Kvam herad:

- Det må sikrast at utbygginga ikkje kjem i konflikt med det verna vassdraget. Dette gjeld spesielt tiltak med vegen inn til hytteområda.
- Det er viktig at det vert sett krav til eit høgverdig biologisk/kjemisk rensleanlegg, samt drift av eit slikt anlegg. Det bør vurderast å få inn i føresegnene at krav om tilknytning til kommunalt anlegg/eit større felles anlegg kan endrast i høve til når utbygging vil finne stad. Det kan då gå fram at det må påreknast krav om å knyta seg til eit slikt anlegg når det evt. vert ført fram til område.
- Veggen frå Rv. 7 til det aktuelle område er privat. Det vil seia at Eikedalen skisenter har avtale/rettar til å nytta vegen. Utvida bruk i høve til hyttebygging må avklarast med grunneigarane.
- Det nye hytteområde vil føre til auka trafikk gjennom hovudparkeringsplassen til Eikedalen skisenter. Dette kan skape større fare for alpenistar som må krysse vegen til og frå parkeringsplassen. Det bør vurderast om vegen og kryssing må merkast betre, eller om det er andre tiltak som bør gjerast for å gjera trafikk bilete betre. Veggen kan mellom anna leggjast om slik at den vert liggjande mellom parkeringsplassen og elva.
- Det er viktig at tilgjengelege parkeringsplassar for ålmenta/besøkjande på skianlegget ikkje vert redusert i høve til i dag. M.a.o. må eksisterande parkeringsplassar som er innanføre reguleringsplanen framstå som parkering for ålmenta.

Handsaming i møte:

Olaug Karin Øystese sette fram eit framlegg om at strekpkt. 4 går ut av framlegget. 1 røysta for framlegget frå Øystese og 4 for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune har følgjande merknader til Reguleringsplan for Eikedalen på Kvamskogen, Kvam herad:

- Det må sikrast at utbygginga ikkje kjem i konflikt med det verna vassdraget. Dette gjeld spesielt tiltak med vegen inn til hytteområda.
- Det er viktig at det vert sett krav til eit høgverdig biologisk/kjemisk rensleanlegg, samt drift av eit slikt anlegg. Det bør vurderast å få inn i føresegnene at krav om tilknytning til kommunalt anlegg/eit større felles anlegg kan endrast i høve til når utbygging vil finne stad. Det kan då gå fram at det må påreknast krav om å knyta seg til eit slikt anlegg når det evt. vert ført fram til område.
- Veggen frå Rv. 7 til det aktuelle område er privat. Det vil seia at Eikedalen skisenter har avtale/rettar til å nytta vegen. Utvida bruk i høve til hyttebygging må avklarast med grunneigarane.
- Det nye hytteområde vil føre til auka trafikk gjennom hovudparkeringsplassen til Eikedalen skisenter. Dette kan skape større fare for alpinistar som må krysse vegen til og frå parkeringsplassen. Det bør vurderast om vegen og kryssing må merkast betre,

eller om det er andre tiltak som bør gjerast for å gjera trafikk bilete betre. Vegen kan mellom anna leggest om slik at den vert liggjande mellom parkeringsplassen og elva.

- Det er viktig at tilgjengelege parkeringsplassar for ålmenta/besøkjande på skianlegget ikkje vert redusert i høve til i dag. M.a.o. må eksisterande parkeringsplassar som er innanføre reguleringsplanen framstå som parkering for ålmenta.

0005/06

DELINGSSAK GNR 24, BNR 1.

KLAGE

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela våningshus og driftsbygning med ei tomt på omlag 8 daa frå gnr/bnr 24/1 i Samnanger kommune.

Deling av eigedommen etter jordlova kan ikkje skje før klaga er endeleg handsama i Fylkeslandbruksstyret.

Handsaming i møte:

Naturutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert i høve til plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela våningshus og driftsbygning med ei tomt på omlag 8 daa frå gnr/bnr 24/1 i Samnanger kommune.

Deling av eigedommen etter jordlova kan ikkje skje før klaga er endeleg handsama i Fylkeslandbruksstyret.

0006/06

DISPENSASJON FRÅ STRANDLOVA.

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå pbl. §17 – 2 forbod mot frådeling og bygging i 100 m beltet langs sjø, for bygging av naust.

Naustet må utførast i samsvar med innsendte teikningar datert 22.11.05. Før bygging startar skal teknisk eining godkjenna byggemelding.

Det er ikkje tillate å innreia naust til anna bruk enn sjø- og fiskerelatert verksemd. Det vil seia at det ikkje er lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det.

For informasjon om rett til å klaga på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 , 29 ,32, og plan og bygningslova § 15 . Klagefristen er tre veker frå de mottek vedtaket.

Handsaming i møte:

Naturutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå pbl. §17 – 2 forbod mot frådelling og bygging i 100 m beltet langs sjø, for bygging av naust.

Naustet må utførast i samsvar med innsendte teikningar datert 22.11.05. Før bygging startar skal teknisk eining godkjenna byggemelding.

Det er ikkje tillate å innreia naust til anna bruk enn sjø- og fiskerelatert verksemd. Det vil seia at det ikkje er lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det.

For informasjon om rett til å klaga på vedtaket vert det synt til forvaltningslova §§ 27 , 29 ,32, og plan og bygningslova § 15 . Klagefristen er tre veker frå de mottok vedtaket.

0007/06

DELINGSSAK GNR 44, BNR 7, 51.

Framlegg til vedtak::

Det vert etter plan- og bygningslova § § 7 og 63 gjeve dispensasjon og løyve til å dela frå bustadhuset på gnr/bnr 44/7 og 51. Tufta må vera av ein slik storleik at den kan nyttast til bustadføremål.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå bustadhuset på gnr/bnr 44/7 og 51. Tufta må vera av ein slik storleik at den kan nyttast til bustadføremål.

Handsaming i møte:

Naturutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova § § 7 og 63 gjeve dispensasjon og løyve til å dela frå bustadhuset på gnr/bnr 44/7 og 51. Tufta må vera av ein slik storleik at den kan nyttast til bustadføremål.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå bustadhuset på gnr/bnr 44/7 og 51. Tufta må vera av ein slik storleik at den kan nyttast til bustadføremål.

0008/06

SØKNAD OM KONSESJON GNR 34 BNR 223

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjev konsesjon til Thorithe Invest AS for å kjøpe gnr/bnr 34/223 som tilleggsareal til gnr/bnr 34/157.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

Handsaming i møte:

Naturutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Thorithe Invest AS for å kjøpe gnr/bnr 34/223 som tilleggsareal til gnr/bnr 34/157.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova § 1.

0009/06

OMREGULERING AV DELER AV GNR.24, BNR.2 TIL OFFENTLEG BYGNING**Framlegg til vedtak::**

Med grunnlag i kommunestyrevedtaket av 22.09.05 og §28 – 1 (punkt2) i plan-og bygningslova startar Samnanger kommune arbeidet med mindre endring av reguleringsplan for delar av gnr.24, bnr.2 og gnr.24, bnr.180 på Gjerde med formål barnehage. Vegen langs arealet og bekkeinntak frå gnr.24, bnr.8 vert omfatta av omreguleringa.

Arealet er i arealdelen til kommuneplanen vist nytta til offentleg føremål.

Handsaming i møte:

Naturutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med grunnlag i kommunestyrevedtaket av 22.09.05 og §28 – 1 (punkt2) i plan-og bygningslova startar Samnanger kommune arbeidet med mindre endring av reguleringsplan for delar av gnr.24, bnr.2 og gnr.24, bnr.180 på Gjerde med formål barnehage. Vegen langs arealet og bekkeinntak frå gnr.24, bnr.8 vert omfatta av omreguleringa.

Arealet er i arealdelen til kommuneplanen vist nytta til offentleg føremål.

0010/06

MOTORFERDSEL I UTMARK**- SØKNAD OM LEIGEKJØRING MED SNØSCOOTER FRÅ PEDERSEN HYTTESERVICE****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune gjev snøscooterløyve til Pedersen hytteservice v/Rune Pedersen i områda Eikedalen/Børdalsfjellet og Skiftesberget, Børdalen/Høysæterområdet og Totræna/Tretræna/Kvitingsområdet i 3 år. Løyvet gjeld for transport av varer, ved mm. til fritidsbustadar og hytter i området. Løyvet gjeld på fylgjande vilkår:

- Det er berre høve til å driva nyttekøyring. Dette tydar også at ein skal gjennomføra oppdrag på færrest mogleg turar og over kortast mogleg trase. Så langt mogleg skal køyring føregå langs etablerte trasear, men utan at dette øydelegg skiløypar.
- Løyvet gjev ikkje innehavar rett til køyring til eige formål (kan ikkje leige seg sjølv).
- Løyvehavar er pliktig til å sørgja for at køyretøyet er registret og godkjend
- Løyvehavar må sjølv innhenta godkjenning frå grunneigarar.
- Løyvehavar må vere tilgjengeleg for leigekøyring i heile konsesjonsområdet.

Vedtaket er gjort med heimel i "Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag" §5 bokstav a, som gjeld snøscooterkøyning i "ervertsmessig øyemed". Løyvet gjeld for snøscooter med kjenneteikn pt. ukjent. Løyvehavar må snarast og før kjøring startar opp oppgje dette til kommunen. All bruk skal forgå i samsvar med "Lov og forskrift om motorferdsle i utmark, 10 juni 1977 nr. 82."

Handsaming i møte:

Naturutvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev snøscooterløyve til Pedersen hytteservice v/Rune Pederesen i områda Eikedalen/Børdalsfjellet og Skiftesberget, Børdalen/Høysæterområdet og Totræna/Tretræna/Kvitingsområdet i 3 år. Løyvet gjeld for transport av varer, ved mm. til fritidsbustadar og hytter i området. Løyvet gjeld på fylgjande vilkår:

- Det er berre høve til å driva nyttekøyning. Dette tydar også at ein skal gjennomføra oppdrag på færrest mogeleg turar og over kortast mogeleg trase. Så langt mogeleg skal køyning føregå langs etablerte trasear, men utan at dette øydelegg skiløypar.
- Løyvet gjev ikkje innehavar rett til køyning til eige formål (kan ikkje leige seg sjølv).
- Løyvehavar er pliktig til å sørgja for at køyretøyet er registret og godkjend
- Løyvehavar må sjølv innhenta godkjenning frå grunneigarar.
- Løyvehavar må vere tilgjengeleg for leigekøyning i heile konsesjonsområdet.

Vedtaket er gjort med heimel i "Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag" §5 bokstav a, som gjeld snøscooterkøyning i "ervertsmessig øyemed". Løyvet gjeld for snøscooter med kjenneteikn pt. ukjent. Løyvehavar må snarast og før kjøring startar opp oppgje dette til kommunen. All bruk skal forgå i samsvar med "Lov og forskrift om motorferdsle i utmark, 10 juni 1977 nr. 82."

0011/06

UTNYTTING AV GNR. 26 BNR 27 OG 31, HAGAMULEN

Framlegg til vedtak::

Utbygging av kommunal eigedom gnr. 26, bnr. 27 og 31 skal gjennomførast i samsvar med notat dagsett januar 2006. Prosjektet vert lyst ut som ein totalentreprise i samsvar med dei krava lovverket set.

Tildeling av utbygginga vert gjort av naturutvalet ut frå dei kriteriana som er valde.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta notatet frå administrasjonssjefen. Det var semje om at det ikkje skulle leggjast for mange føringar, men at det skal stillast krav om at det skal vera plass til 3 bueingar på minst 60 m² kvar. Det kan opnast opp for naust. Naturutvalet vil at det skal leggjast kommunal VA-leidning fram til Solli, slik at bueingane i Hagamulen skal koplust til off. VA-anlegg. Tomteprisen vert sett til kr 300.000.

Vedtak:

Utbygging av kommunal eigedom gnr. 26, bnr. 27 og 31 skal gjennomførast som totalentreprise. Dvs. at prosjektet som vert lyst ut skal omfatta utforminga av ein utbyggingsplan samt sjølve utbygginga. Notat frå administrasjonssjefen av januar 2006 vert retningsgjevande for prosjektet.

Naturutvalet rår til at det vert lagt off. VA-leidning fram til Solli slik at dette utbyggingsområdet vert knytt til off. leidningsanlegg.

Tildeling av prosjektet vert gjort av naturutvalet.